

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/16	Plan- og miljøutvalet	PS	17.02.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eli Bjørklid	15/2315

Gbnr 148/2 Litleskare. Handsaming av klage over vedtak i sak 161/15 avslag på løyve til deling av grunn.

Vedlegg:

Vedk klage - søknad om deling av grunneigedom - gbnr 148/2 LitleskareCurriculum VitaeSøknad om fradeling til Bjørn Kvamme - skisse over planer for bruk - gbnr 148/2 LitleskareKlage på vedtak - gbnr 148/2 Litleskare

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune har vurdert dei momenta som er sett fram i klage datert 18.01.2016 og dei opplysningane frå brev/klage datert 04.01.2016 som er relevante. Kommunen finn at klagen ikkje sett fram nye og vesentleg moment som ikkje alt er vurdert. Det er såleis etter kommunen si vurdering ikkje grunnlag for å endre vedtaket som vart gjort i sak 161/15. Klagen vert ikkje teke til følgje.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

.....

Plan- og miljøutvalet - 009/16

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Lindås kommune har vurdert dei momenta som er sett fram i klage datert 18.01.2016 og dei opplysningane frå brev/klage datert 04.01.2016 som er relevante. Kommunen finn at klagen ikkje sett fram nye og vesentleg moment som ikkje alt er vurdert. Det er såleis etter kommunen si vurdering ikkje grunnlag for å endre vedtaket som vart gjort i

sak 161/15. Klagen vert ikkje teke til følgje.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

I sak 161/15 gjorde plan- og miljøutvalet slikt vedtak:

· Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Ikkje Lindås kommune løyve til deling av gnr.148 bnr.2 slik det er søkt om.

· Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon frå gjeldande plan, for deling av gnr.148 bnr.2 slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

Vedtaket var samrøystes og identisk med innstilla frå rådmannen.

I brev til kommunen datert 18.01.2016 klagar tiltakshavar v/advokat Erik Mjell, på vedtaket og ber om at kommunen gjer om vedtaket til gunst for klagar.

Klagar fekk utsett klagefristen til denne datoen – 18.01.2016. Grunngjevinga for å be om utsett frist er mellom anna at julehøgtida var ugunstig tidsrom for å arbeide med klagen, tiltakshavar er for tida i USA og det har gjort at det var trong for meir tid for å få argument og dokumentasjon på plass. Kommunen godtok dette og frist for klage vart sett i mail frå kommunen til søker. Søknaden er såleis komme inn i rett tid.

Innhaldet i klagen er som følgjer:

1. Tiltakshavar meiner han ikkje har fått tilstrekkeleg rettleiing frå kommunen. Difor har kommunen ikkje hatt nok opplysningar og har avslått søknaden som mangelfull.
2. Tiltakshavar føler seg at kommunen har leia han på feil spor når det gjeld bruken av arealet.
3. Han har rekna som sikkert at hans utgreiing om tilhøva var godt nok.
4. Det primære føremålet med å dele frå no, er å sikre den retten han har fått til ein tomt frå bruket. Retten skriv seg frå arveoppgjeret mellom tre brør i år 2000. Fristen

for å realisere arveoppgjeret med omsyn til dei frådeltte tomtene var sett til 15 år, og for Bjørn Kvamme var det såleis naudsynt å søke no. Det opphavlege føremålet var fritidsbustad, men no er Bjørn Kvamme meir oppteken av forsking knytt til bruken av CO2 i planteproduksjon.

5. Som dokumentasjon på rett til veg, vatten og avløp for tomta vert det lagt fram protokoll frå arveoppgjeret som syner at ein eventuell tomt skal få rett til veg, vatten og avløp over 148/2. Søker opprettheld i klagen at dette må vere godt nok.

6. Det vert lagd fram ein meir detaljert utgreiing om kva prosjektet med bruk av CO2 går ut på, samt at det vert lagd fram komplett CV for Bjørn Kvamme.

7. Det vil verte lagd fram dokumentasjon på at tomta hat rett til veg, vatten og avløp over 148/2, vidare uttale frå vegstyresmaktene og nabovarsel.

Vurdering

Søknaden om deling er stempla inn i kommunen 27.05.2015.

I brev til søker (Svein Kvamme) datert 01.06.2015 gjer kommunen greie for kva som manglar i søknaden og kvifor det er naudsynt med nærare grunngevingar for søknaden.

Tiltakshavar (Bjørn Kvamme) svarer på dette brevet i mail sendt 24.06.2015. Dei svara som vart gjeve er sitert i saksutgreiinga frå administrasjonen til plan- og miljøutvalet i sak 161/15.

Det går fram av mailen at tiltakshavar er i USA, og administrasjonen tok ikkje kontakt for eventuelt nærare avklaring av faktum i saka. Administrasjonen var av den oppfatninga at dei svara som vart gjeve synte dei faktiske tilhøva i saka, slik tiltakshavar så dei.

Hovudkonklusjonen etter denne kommunikasjonen med tiltakshavar, var at føremålet med tiltaket på det noverande stadium ikkje var avklara. Vidare at ein stod fast på at nærare avtalar om retten til veg, vatten og avløp enn dei som går fram av avtalen om arv, ikkje var naudsynt. Ein visste ikkje kva veg RV404 var og kunne ikkje undersøke om han fekk utvide eksisterande avkøyring til vegen.

På denne bakgrunnen vart saka klargjort og lagd fram til avgjer for politisk utval.

Etter administrasjonen si meining kjem det ikkje fram nye og vesentlege opplysningar i klagen. Lindås kommune trekkjer ikkje Bjørn Kvamme sine kvalifikasjonar i tvil. Kommunen er og kjend med og forstår det potensialet som ligg i å utnytte CO2 i planteproduksjonen.

Det er ikkje dette som ligg bak avslaget.

Avslaget er knytt til at søknaden etter kommunen sitt syn, ikkje er konkret. Det er ikkje plan for når tiltaket skal settast ut i livet, og det er heller ikkje tilstrekkeleg klarlagd kva status tiltaket vil ha – industri, hagebruksproduksjon, forsking eller anna. For kommunen vert det då vanskeleg å sjå på kva måte tiltaket vil passe inn i gjeldande planar og korleis kommunen skal sikre at tiltaket faktisk vert noko av. Når tomta eventuelt er frådelt, vert den eit fritt omsetteleg objekt som eigaren kan selje til kven han vil. Kva tomta såleis faktisk vert nytta til er då utanfor kommunen sin kontroll. Difor treng kommunen konkrete planar for å ta stilling til førespurnad om

oppretting av nye eigedommar.

Arveoppgjer som fordeler pliktar og rettar mellom privatpersonar, er privatrettslige dokument som ikkje legg føringar for kva kommunen som offentleg styresmakt skal eller bør gjere. Kommunen har såleis ikkje plikt til å gjennomføre tiltak for å komme eit privat arveoppgjer i møte, dersom tiltaket det gjeld ikkje er i samsvar med dei lover og reglar som kommunen forvaltar.

Administrasjonen vurderer at klagen ikkje bringer fram nye moment, og det ikkje ligg til rette for å ta klagen til følgje. Saka vert sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd.

.....